

RAPPORT OM ORDBOKARBEIDET 2005

I 2005 har dessverre framgangen i ordbokarbeidet vore mindre enn i dei siste åra. Vidareutdanning og ordinært arbeid gjorde at Kjell ikkje fekk så mykje tid til ordbokarbeidet som ein skulle ønska. Samstundes hadde klubben færre dugnadsmøte i 2005 pga. «slitasje» blant medlemmane.

Redaksjonsnemnda som leiar arbeidet, har også i 2005 vore samansett av Jardar Eggesbø Abrahamsen, Herman Raner og Kjell Heggvold Ullestad. Forutan desse har også dei øvrige medlemmane i Grupo Esperantista en Trondheim (GET) deltatt aktivt i arbeidet i året som gjekk.

1. Kva som er gjort i 2005

Korrekturlesing av omsetjingar

Kjell sitt arbeid i 2005 har hovudsakeleg gått ut på å korrekturlesa den delen av databasen som *ikkje* er med i Haugen og Rian si ordbok frå 1963. Det vil seia at den siste korrekturgjennomgangen er godt i gang. Ved årsskiftet 2005-2006 var bokstavane A-C og N heilt ferdig korrekturleste, medan D var godt over halvvegs.

GET har hatt 4 dugnadsmøte i 2005 (vår 1, haust 3), der klubbmedlemmane har korrekturlese i alt ca. 3000 omsetjingar (2004: 18000). Det er to grunnar til at talet på dugnadsmøte er kraftig redusert i 2004. For det fyrste var det eit svært hektisk esperanto-program for GET-medlemmane med mange klubbmøte, stands og treff i inn- og utland, i tillegg til at mange av dei sentrale medlemmane òg er tungt inne i styre og stell andre stader i rørsla. For det andre har det ikkje noka hast med dugnadsmøte i denne fasen av prosjektet. Rettingane som blir gjort på desse møta, utgjer råmaterialet Kjell tar utgangspunkt i under korrekturlesinga si. Han må registrera dei i databasen og til dels etterprøva dei. Det føreligg no slike rettingar til eit stykke ut i bokstaven S, medan Kjell ved årsskiftet arbeidde med D. Det vil derfor ta noko tid før Kjell går tom for råmateriale til korrekturlesinga.

I og med at ein er ferdig med det såkalla 63-materialet (orda i 1963-ordboka), går arbeidet på dugnadsmøta seinare no. Grunnen til det er at det øvrige materialet er mykje vanskelegare å korrekturlesa enn 63-materialet. Tala på omsetjingane som er korrekturlese i 2004 og 2005 kan derfor ikkje samanliknast.

Tomas Jansson og Herman Raner blei våren 2005 ferdige med korrekturlesinga av fagtermane innanfor medisin, anatomi, biologi, fysiologi, kjemi og fysikk. Deira kommentarar og rettingar er blei registrert i databasen før den siste korrekturgjennomgangen starta.

Komplettering av materialet

Det har ikkje vore noka stor oppdatering eller komplettering av ordtilfanget i databasen i 2005, men Kjell oppdaterer databasen kontinuerleg med viktige oppslagsord, uttrykk og omsetjingar under korrekturlesinga.

I 2004 påtok Ulf Lunde seg å laga eit oversyn over dataterminologi som må vera med i ordboka, og Torstein Kvakland blei utnemnd som tabuord-redaktør. Dei har ikkje levert noko materiale enno.

Redaksjonen meiner også at ei omfattande utviding av materialet høyrer til på eit seinare steg i prosessen, då særleg i samband med nyare utgåver. Prosjektet er òg definert til å vera å laga ei best mogleg ordbok av det eksisterande materialet. Det er likevel klart at ei viss oppdatering må gjerast før utgjevinga i og med at den største delen av materialet er av relativt gammal dato. Lista Douglas Draper sende i 2004 over ord og uttrykk som manglar i 1963-ordboka er no gjennomgått. Ho gav nokre nye oppslagsord, samt nokre nye alternative omsetjingar. Dei nye forslaga til omsetjingar er så langt berre registrert. Douglas sende ei ny liste hausten 2005, men denne er ikkje gjennomgått enno.

Korrekturlesinga av pluss-materialet blir den siste gjennomgangen av databasen. På eit visst tidspunkt blir det derfor vanskeleg å leggja inn nye ord utan å risikera ein del uorden i databasen. Dessutan risikerer ein å koma inn i ein endelaus runddans mellom oppdatering og korrekturlesing. Det vil derfor vera mest tenleg å venta med oppdateringar til korrekturlesinga er ferdig. Det blir då opp til redaksjonen å avgjera kor mykje som skal leggjast til før ordboka er klar til publisering.

Det som er klart, er at materialet vil bli jamført med Bokmålsordboka før publisering for å finna viktige ord som manglar i vårt materiale. Kor mange av dei orda som då kjem fram, som skal leggjast til databasen før publisering, blir ei vurdering på eit seinare tidspunkt.

Demo-versjon på internett

Under Landa Kongreso på Morokulien i juni presenterte Jardar ein demo-versjon av den nye ordboka på internett. Demo-versjonen inneheld 63-materialet frå databasen, samt ein del fagterminologi.

Samstundes heldt Jardar eit føredrag der han gjorde greie for arbeidet med ordboka og kva problem ein står ovanfor.

Redaksjonelt arbeid

Det har ikkje vore noko viktig redaksjonelt vedtak i 2005. Redaksjonen har ikkje hatt noko møte, men har hatt uformelle diskusjonar når det har trengst.

På klubbmøta fortsette GET arbeidet med å fjerna uaktuelle ord frå materialet. Også i år fekk mange ord dødsdomen ved plenumsvedtak etter innstilling frå Kjell. Dette arbeidet er førebels avslutta til Kjell har kome lenger i korrekturlesinga og (sannsynlegvis) kan presentera nye lister over «språklege klenodier ein gjerne gløymer».

2. Databasen

Databasen inneheldt ved årsskiftet 2005/2006 i overkant av 78000 postar, dvs. omsetjingar og kryssreferansar. Det blir jamleg tatt kopi av databasen, både på harddisken og på CD. CD'en blir oppbevart på universitetet for tryggleiken si skuld.

Me har ikkje oppdaga manglar eller feil ved databasen i 2005.

3. Arbeidsoppgåver i 2006

I 2006 gjeld det kort og godt å koma lengst mogleg i den siste korrekturgjennomgangen. Dette arbeidet er både omfattande og tidkrevjande i og med at ein her går gjennom heile materialet i databasen. I tillegg til at ein les korrektur på materialet som ikkje er med i 1963-ordboka, gjer ein i denne gjennomgangen ei rekkje redaksjonelle oppgåver, som t.d. nummerering av homonym og undertydingar og prioritering av omsetjingar der eit oppslag har urimeleg mange omsetjingar.

Det har dessutan vist seg at ein kanskje var litt for ukritisk til omsetjingane i starten av korrekturlesinga av 63-materialet, og det har derfor vore nødvendig å korrigera ein del korreksjonar i det materialet òg.

I tillegg til Kjell si korrekturlesing vil GET ha dugnadsmøte i 2006 òg, sjølv om ein ut frå det som er sagt ovanfor, ikkje vil ha den same intensiteten som ein hadde fram til 2004.

4. Framdrift

Det er vanskeleg å seia noko om kor lang tid den siste gjennomgangen av omsetjingane vil ta. Sjølve korrekturlesinga ser ut til kanskje å gå litt fortare no enn tilfellet var med 63-materialet takk vere at desse er grundigare gjennomarbeidd under dugnadsmøta. Derimot ser det redaksjonelle arbeidet som må gjerast i denne omgangen, ser derimot ut til å ta meir tid enn ein rekna med.

I tillegg vil det truleg bli nødvendig med ein tredje gjennomgang av materialet etter korrekturlesinga. Dette blir ev. ein «redaksjonell kontroll-gjennomgang», der ein ser på konsekvens i føring, inndeling i undertydingar o.l. Denne gjennomgangen vil ta mykje kortare tid enn korrekturlesinga, men vil vera avgjerande for kvaliteten på sluttproduktet.

Til slutt skal heile materialet jamførast med Bokmålsordboka for å finna graverande manglar, som så må leggjast inn i basen.

Av det opphavlege overslaget på 4-5 år gjenstår det nå omlag eitt år. Det er svært vanskeleg å seia sikkert kor lang tid dei ulike etappane vil ta. Det står mykje arbeid igjen, og det låge rentenivået at det er mindre midlar i Uhlen. Den største utfordringa framover er kanskje likevel Kjell sin arbeidssituasjon, som er både skiftande og usikker. Av økonomiske grunnar vil alt ordinært lønna arbeid bli prioritert før ordbokarbeidet.

Ein kan derfor konkludera med at det opphavlege overslaget er urealistisk. Det er òg lite sannsynleg at ordboka vil bli ferdig i GET sitt jubileumsår, 2007. 2008 kan derimot vera ei realistisk målsetting dersom alle partar gjer det dei kan for å få prosjektet i mål snarast råd.

5. Tidsrekneskap

For 2005 kan me setta opp fylgjande tidsrekneskap for ordbokarbeidet (tala viser talet på timar):

Lønna av Uhlen	170
GET, dugnadsmøte	70

Totalt	<u>240</u>

Tomas Jansson og Herman Ranæs sitt arbeid med fagtermar er ikkje med i rekneskapen. Det er heller ikkje Jardar Eggesbø Abrahamsen sitt arbeid med å laga demo-versjonen som blei lansert under Landa Kongreso.

Trondheim, 11.05.2006

For redaksjonen,
Kjell Heggvold Ullestad